

Vedlegg 4: Meir om framskrivingar

Framskriving for etterspørsel etter energi og forventa ny energiproduksjon i Gol.

Forventa vekst baserer seg på bruk av normtall for energibruk i forventa utbygging i perioden 2010-2030. Forventa vekst vert samanlikna med historisk vekst i energiforbruk med tidlegare utbygging i perioden 1997-2002. Det vert forutsett at underliggende vekst varierer og vert sett lik 0. Det er vanskeleg å skilje ut vekst i energiforbruk i eksisterande bygningsmasse, pga. at veksten varierer, bl.a. avhengig av straumpris. For utbygging i perioda 2010-2030 er informasjon frå utbyggingsavdelinga i Gol kommune samt signal om stø kurs i utbyggingstakt i Gol kommune lagt til grunn.

Framskrivning av energiforbruket i boligsektor

Auke/reduksjonen varierer mykje frå år til år då forbruket av elektrisitet er sterkt avhengig av elektrisitetsprisen. Energiforbruket per husholdning har auka i perioden og snittet per husholdning ligg på ca. 23 614 kWh, derav ca. 19 836 kWh elektrisitet kring rundt Gol sentrum og ein tendens til fråflytting i grendene. Gjennomsnittstal er nytta for å tallfeste eit omtrentleg fremtidig energibehov. Ein forventa utbygging av 44 leiligheter og 176 eineboligar gjev med bakgrunn i normtall for energibehov eit samls energibehov i nye bustadar på ca. 4,4 GWh i perioda frem til 2030.

Framskrivning av energiforbruket i fritidsboliger/hytter

I gjennomsnitt har det vorte bygga ca. 40 nye hytter pr år, og i tillegg tilknyttet ca. 40 eksisterende hytter. Samla elektrisitetsforbruk pr hytte i snitt av gamle og nye hytter er i 2013 på ca. 8 668 kWh/år i 1726 hytter som er tilknyttet straum (ved, olje etc. i tillegg). Det vert forutsett at nye hytter vil ha eit gjennomsnitt på energibehov på ca. 10 000 kWh pr år. Eit energibehov dei fyrste 10 åra med ein utbygging på 30 hytter i året på ca. 0,3 GWh pr år til nye hytter, og dei neste 10 årene med ei utbygging på 30 hytter i året på ca. 0,3 GWh pr år. I tillegg vil ved verte erstatta i nokon grad med straum når eksisterende hytter vert tilknytta el - nettet. Samla 5,7 GWh i perioden 2010-2030. Samla vil energiforbruket i boligsektor, med boliger og hytter, auke med ca. 10,1 GWh i perioden 2010-2030, dvs. ca. 0,50 GWh pr år.

Framskrivning av energiforbruket i offentlig og privat tjenesteyting

Denne sektoren representerer alt frå hotell, kjøpesentra, restauranter, matbutikker, kontorbygg, skuler, helsetjenesten, private barnehagar, bibliotek osv. Fra 2003 til 2013 har det vore ein gjennomsnittleg samla vekst på ca. 1,5 prosent i snitt pr år. Ein nedgang i forbruket av petroleumsprodukter gjev samla snitt på 0,84 GWh pr år. Det er stor usikkerhet tilknytta tal for næringsbygg. Det er forventa at det i perioda vert bygd 40 næringsbygg (2010 – 30). Det vert valt å sette ein vekst i energibehovet på 0,5 GWh pr år. Dette talet baserer seg på forventa utbygging.

Framskrivning av energiforbruket i industrisektoren

Gol kommune er ikkje kjent med utbyggingsplanar innan industrisektoren, og derfor vil industriens energiforbruk antas å vere konstant. Det er ingen kundar med industritariff på straum.